



DETALJREGULERINGSPLAN FOR SANDAL, HAFSLO

**Dato : 12.10.2016
Plan ID: 1426-2016006**

**FORSLAGSSTILLAR :
Hans Nes Bygg AS**

**REGULANT :
arkitektkontoret A38**

arkitektkontoret A38
Rå på idéar - Råd til løysingar



INNHALD

- 1 Planomtale
- 1.1 Innleiing
- 1.2 Føremålet med planen
- 1.3 Om planområdet
- 1.4 Planstatus for området
- 1.5 Krav til planprogram og konsekvensutgreiing
- 1.6 Oppstart av planarbeidet
- 1.7 Innspel til oppstartsvarel
- 1.8 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS- analyse)
- 1.9 Konklusjon av ROS- analyse
- 1.10 Lov om forvaltning av naturens mangfold
(naturmangfoldlova)
- 1.11 Skildring av planframlegget
 - Byggeformål B1
 - Leikeplass
 - Samferdselsanlegg og infrastruktur
 - Omsynssone

VEDLEGG

- A Plankart
- B Planføresegner
- C Div illustrasjonar av planlagt utbygging
- D Mottekne innspel
- E Annonse i Sogn avis
- F Varsel naboar justert planavgrensing 12.10.2016

1 Planomtale

1.1 Innleiing

Detaljreguleringsplanen er privat utarbeida av arkitektkontoret A38 (regulant) på vegne av Hans Nes Bygg AS (forslagsstillar) med heimel i Plan- og bygningslova §12-8 og etter avtale med Luster kommune.

Planen er utarbeida som detaljreguleringsplan, i samsvar med Plan- og bygningslova §12-3.

Dette framlegget (12.10.2016) er vesentleg omarbeidd i høve framlegget datert 24.05.2016. Det har lågare utnytting, er betre tilpassa ikringliggende busetnad og ulempene til nabo på g/bnr 155/80 er vesentleg redusert.

Spørsmål knytta til planforslaget kan rettast til leiar for reguleringsarbeidet :

arkitektkontoret A38 ved Rolf Sande, tlf 57627453
e-post : rolf.sande@a38.no

1.2 Føremålet med planen

Føremålet med planarbeidet er å bygge åtte lettstelte leilegheiter med gode sol- og utsiktsforhold.

1.3 Om planområdet

Planavgrensinga er gjort etter avtale med kommunen og naboane og inkluderer eigedomen g/bnr 148/14 samt deler av 155/108.

Planframlegget (12.10.2016) er utvida med 0,34 daa mot søraust i høve framlegget frå 24.05.2016. Naboane på g/bnr 155/108 og 155/80 er varsla om planutvidinga, og skriftleg aksept frå Moe (5.10.2016) og Smedegård (7.10.2016) fylgjer vedlagt.

Plankartet av 12.10.2016 viser den nye planen. Endringene av plangrensene (kva som er endra) er vist med raud farge på situasjonsplanen vedlagt.

Heile planområdet er no på 2,74 daa.




Fig. 1 Aktuelt utsnitt av grunnkart (g/bnr 148/14)

1.4 Planstatus for området

Kommuneplanen sin arealdel 2013 - 2023 gjeld for området. I denne planen er arealformålet avsett til bustadar.




Fig. 2 Aktuelt utsnitt av kommuneplan sin arealdel



Fig. 3 Aktuelt utsnitt av reguleringsplan

Området inngår ikkje i nokon gjeldande reguleringsplan bortsett frå reguleringsplan for Krekavegen som går forbi eigedomen og dels litt innom.

1.5 **Krav til planprogram og konsekvensutgreiing**

Planframlegget er vurdert i høve Forskrift om konsekvensutgreiing §§ 2 og 3, og i samråd med kommunen er det konkludert med at det ikkje er trong for planprogram og/ eller konsekvensutgreiing.

1.6 **Oppstart av planarbeid**

Planframlegget (12.10.2016) er ei justering (reduert utbygging) av det tidlegare innsendte planframlegget av 24.05.2016 som vart handsama i Plan og forvaltningsstyre 12.09.2016, og det er difor ikkje trong for å starte planarbeidet heilt på nytt.

Oppstartsmøte med Luster kommune vart halde 29.02.2016. Oppstart av planarbeid vart tilrådd igangsett av Luster kommune.

Formelt varsel om reguleringsoppstart vart annonsert i Sogn Avis 17.03.2016 og samme dag sendt rekommandert til naboar, grunneigarar og offentlege instansar.

Nabolista som vart nytta i samband med varslinga er utarbeidd av Luster kommune.

Etter avtale med kommunen vart naboane varsla rekommandert, medan dei offentlege instansane kun vart varsla elektronisk.

Ingen av adressatane hadde merknad til varslingsfristen som vart sett til 12.04.2016.

Alle innkomne innspel som er mottekne av regulanten, er kommentert i planframlegget. Alle innspela fylgjer som vedlegg D (med unnatak av fylkesmannen sitt standardskriv).

1.7 Innspel til oppstartsvarsel

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane :
Fylkesmannen påpeiker at planomtalen blant anna må gjere greie for verknadene planen vil kunne få for ulike interesser og omsyn (jf. pbl. § 4-2). Aktuelle tema her vil m.a. vere

Natur og miljø - barn og unge og grønstruktur

Samfunnstryggleik og beredskap - jf kravet om utarbeiding av ROS-analyse.

Landbruk - Fylkesmannen har ikkje merknader til planlagt arealbruk med omsyn til landbruksinteresser.

Fylkesmannen viser også til standardskrivet ved oppstart av reguleringsarbeid.

Punkta fylkesmannen påpeiker er vurdert i ROS- analysen, skildra i planomtalen og teke omsyn til i plan og føresegner.

Sogn brann og redning IKS (SBR) :
SBR har ikkje svart på oppstartsvarslet.

SIMAS :
SIMAS har ikkje svart på oppstartsvarslet, men har ved ny førespurnad opplyst dimensjonar og tal på dunkar som kan vere aktuelt for området (fellesanlegg).

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) :
NVE har ingen innspel til planarbeidet.

Ok.

Sogn og Fjordane fylkeskommune :

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje svart på oppstartsvarslet.

155/45, Liv Margrethe Eikeberg (nabo) :

Spørsmål vdr konsekvens for tilkomstveg. I tillegg merknad om at Telenor eig eit bygg i merke med på 155/108 som det må takast omsyn til.

Tilkomstvegen innanfor planområdet vil bli regulert til formålet "køyreveg" med 4,0 m breidde pluss 1,0 m grøft/ murkant på kvar side. Den delen av vegen som ligg innanfor planområdet er etter ynskje frå kommunen planlagt med ein standard som gjer at kommunen kan overta og drifte den som ein offentleg veg. Vegen i fortsettinga (utanfor planområdet) blir som i dag. Så vidt vi kan sjå vil ikkje planområdet berøre Telenor sitt bygg.

148/6, Margunn og Ove Hillestad (nabo) :

Presisering vdr tilkomstveg.

Tilkomstvegen innanfor planområdet vil bli regulert til formålet "køyreveg" med 4,0 m breidde pluss 1,0 m grøft/ murkant på kvar side. Den delen av vegen som ligg innanfor planområdet er etter ynskje frå kommunen planlagt med ein standard som gjer at kommunen kan overta og drifte den som ein offentleg veg.

148/5, Rolf Hauge (nabo/ representant for Ragnhild Hauge sine etterkomarar) :

Med atterhald om at vi oppfattar merknaden korrekt; vert det påpeika at tilkomstvegen ligg på deira eigedom (148/5) og ikkje på 148/14.

Kartgrunnlaget som vi har fått frå kommunen viser at det berre er ein liten del av eigedomen 148/5 som kjem inn i vegbana og at mesteparten av vegen ligg på 148/14. Kva som er korrekte grenser her må avklarast gjennom oppmåling utført av kommunen.

Tilkomstvegen innanfor planområdet vil bli regulert til formålet "køyreveg" med 4,0 m breidde pluss 1,0 m grøft/ murkant på kvar side. Den delen av vegen som ligg innanfor planområdet er etter ynskje frå kommunen planlagt med ein standard som gjer at kommunen kan overta og drifte den som ein offentleg veg.

1.8 ROS -analyse

Analysen er gjennomført jf. rundskriv frå DSB og med eiga sjekklister. Analysen omfattar planlagt tiltak i reguleringsplanframlegget, men ikkje eksisterande situasjon.

Mulege uønska hendingar er ut frå ein generell/teoretisk vurdering sortert i hendingar som kan påverke funksjon til planområdet, utforming mm, og hendingar som direkte kan påverke omgjevnadene (jf konsekvensar for og konsekvensar av planen). Tilhøve som er med i sjekklister, men ikkje er tilstades i planområdet eller i planen, er kvittert ut i kolonna "aktuelt" og kun unntaksvis kommentert.

Vurderingar av **sannsynlegheit** for uønska hendingar er delt i :

Svært sannsynleg (4) – kan skje regelmessig: forholdet er kontinuerleg tilstades.

Sannsynlig (3) – kan skje av og til, periodisk hending (årleg).

Lite sannsynleg (2) – kan skje (ikkje usannsynlig; ca. kvart 10. år).

Usannsynlig (1) – hending er ikkje kjent frå tilsvarande situasjonar/forhold, men det er ein teoretisk sjanse – skjer sjeldnare enn 100 år.

Kriterier for å vurdere **konsekvensar** av uønska hendingar er delt i :

	Personskade	Miljøskade	Skade på eiendom, forsyning mm.
1. Ubetydeleg	Ingen alvorleg skade	Ingen alvorleg skade	Systembrudd er uvesentleg
2. Mindre alvorleg	Få /små skader	Ikkje varig skade	Systembrudd kan føre til skade dersom reservesystem ikkje finst
3. Alvorleg	Behandlingskrevande skader	Midlertidig/behandlingskrevande skade	System vert sett ut av drift over lengre tid; alvorleg skade på eigedom.
4. Svært alvorleg	Personskade som medfører død eller varig mén; mange skadd	Langvarig miljøskade	System vert sett ut av drift over lengre tid; alvorleg skade på eigedom.

UØNSKA HENDING, KONSEKVENSAAR OG TILTAK :

Hending/ situasjon	Aktuelt	Konsekvens for planen	Konsekvens av planen	Samsynlegheit	Konsekvens	Risiko	Kommentar/ Tiltak
Natur- og miljøforhold							
1. Masseras-/skred	Nei						
2. Steinsprang	Nei						
3. Snø-/isras	Nei						
4. Jord- og flaumras	Nei						
5. Elveflom	Nei						
6. Radongass	Ja	x		2	2		Det skal gjerast tiltak mot inntrenging av radongass ved etablering av radonduk ved bygging – jfr. TEK 10.
Ver, vindeksponering							
7. Vindutsatte områ de	Nei						
8. Nedbørsutsatte områder	Ja	x		2	2		Store nedbørmengder i form av regn kan førekomme. Løysing for overvatn skal vere dimensjonert for dette.
Natur- og kulturområder							
9. Dyre- og planteliv/skogbruk	Nei						
10. Så rbar fauna/fisk	Nei						
11. Verneområde	Nei						

12. Vassdragsområ de - Lite bekkevassdrag - Avlaupsbehandling	Nei						
13. Fornminner	Nei						
14. Kulturminne/-miljø	Nei						Det er likevel teke med føresegn om stans av graving og varsling ved funn.
15. Områ de for idrett/leik	Nei						
16. Park; friluftsområ de, rekreasjonsområ de.	Nei						
17. Vassområ de for friluftsliv	Nei						
Menneskeskapte forhold							
Strategiske områ de							
18. Veg, bru, knutepunkt	Nei						
19. Hamn/kaianlegg	Nei						
20. Sjukehus/-heim, kyrkje	Nei						
21. Brann/politi	Nei						
22. Forsyning vatn/kraft	Nei						
23. Forsvarsområ de	Nei						
24. Tilfluktsrom	Nei						
Forureiningskjelder							
25. Industri	Nei						
26. Bustad/hytte	Nei						
27. Landbruk	Nei						
28. Akutt forureining	Nei						
29. Støv/støy; industri	Nei						
30. Støy/støv; trafikk	Nei						
31. Støy; andre kjelder	Nei						
32. Forureining i sjø	Nei						
33. Forureining i grunn	Nei						
34. Elforsyning	Nei						

Andre risikoforhold							
35. Industriområ de	Nei						
36. Høgspenteområ de	Nei						
37. Risikofylt industri mm (kjemikalie/eksplosiv, olje/gass, radioaktiv)	Nei						
38. Avfallshandsaming	Nei						
39. Oljekatastrofeområ de	Nei						
40. Spesielle forhold ved utbygging/ gjennomføring	Nei						
Transport							
41. Ulykke med farleg gods	Nei						
42. Ver/føre begrensar tilgjengelegheit til områ de	Nei						
Trafikksikkerheit							
43. Ulykke i av- /på køyrslar	Ja	x	1	3			Risikomoment ved avkøyrslar skal vurderast saman med evt avbøtande tiltak
44. Ulykke med gå ande/syklende	Nei						
45. Andre ulykkespunkt	Nei						

Vurdering av **risiko** som funksjon av sannsynlegheit og konsekvens er gitt i tabell :

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
Sannsynlegheit:				
4. Svært sannsynleg				
3. Sannsynleg				
2. Lite sannsynleg		6, 8		
1. Usannsynleg			43	

Hendingane er i tabellen nummerert frå 1-45. Dei aktuelle risikohendingane er satt inn med samme nummer i tabellen som angir risiko.

1.9 Konklusjon av ROS -analyse

6. Radon :

Det skal gjerast tiltak mot inntrenging av radongass ved bygging jf. TEK 10, dersom det ikkje ved dokumentasjon kan påvisast at grenseverdiane ikkje er for høge.

Konsekvens : TEK 10 og medteke i planføresegnene § 3.4

8. Nedbørsutsatte område :

Klimaendringar fører til auka nedbørsmengder. Planen vil føre til behov for godt etablert overvassnett som kan handtere store nedbørsmengder.

Overvatnet skal handterast i tråd med kommunen sine retningsliner.

Konsekvens : Innarbeidd i planføresegnene § 5.6

14. Kulturminneverdiar :

Det er ikkje registrert kulturminne i planområdet, men det er likevel teke med i føresegnene (§3.2) at anleggsarbeidet må stogkast og at myndighetene skal varslast ved funn.

43. Ulykke ved avkøyrslar

T-kryss (V1 mot Krekavegen) :

Planforslaget viser eksisterande kryss V1 og Krekavegen som har fartsgrense 50 km/t. Det er ikkje planlagt endringar av krysset og gjeldande krav til siktliner er opprettholdt. Vegen V1 er planlagt opprusta. Trafikkveksten med 7 nye bueiningar i området er likevel beskjeden. Det vert likevel tilrådd at kommunen vurderer innføring av vikeplikt i krysset slik at siktkravet kan bli redusert.

Konsekvens : Gjeldande krav til siktliner er innteikna i plankartet, og kommunen blir oppmoda om å vurdere vikeplikt i krysset.

Avkøyrslar ved V2 :

Avkøyrslar er utforma med god geometri og sikta er god i begge retningane. Det er svært beskjeden trafikk frå V2 og farten i området er generelt liten.

Konsekvens : Siktliner er innarbeidd i plankart og planføresegnene § 2.2

1.10 Forholdet til Lov om forvaltning av naturens mangfold (Naturmangfoldlova), krava i kap. II

Naturmangfoldlova skal leggest til grunn som retningsline for all offentleg forvaltning som vedkjem naturmangfoldet. Gjennom planarbeidet er det ikkje kome fram spesielle moment som det må takast omsyn til når det gjeld naturmangfoldet.

Utbyggingsområdet ligg i eit utbygd område utan kjente vekst- eller leveområde for sjeldne eller trua artar og samfunn.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) er henta frå fylkesatlas, naturbase, artskart, vannportalen, INON og MiS og gjennom dialog med kommune, fylkeskommune og fylkesmann si miljøvernavdeling. Gjennom planarbeidet er det ikkje funne opplysningar om viktig artar som det må takast spesiell omsyn til i planområdet.

Det er ikkje interessante eller inngrepsfrie kvartær- eller berggrunnsgeologiske naturområder å finne i området.

Ein skal ved utbygging ikkje påføre vesentleg skade på naturmangfaldet med bakgrunn i at ein ikkje hadde kunnskap om dette (§9 føre-var-prinsippet). Gjennom ROS-analysen er det ikkje avdekka potensiell fare for å skade biologisk mangfald ved utgraving av tomte.

Planframlegget viser total utbygging av området og den samla belastningen på naturmiljøet er vurdert (§10).

§11 i Naturmangfaldlova er aktuell, men skade på naturmangfaldet er lite truleg med bakgrunn i den framlagde dokumentasjonen.

1.11 Skildring av planframlegget (12.10.2016)




Fig. 4 Illustrasjon av ny situasjon/ plankart

Byggeformål for konsentrert busetnad, B1 :

Utforming :

Det er dokumentert trong for lettstelte leiligheiter på Hafslo. Mange ynskjer å kome vekk frå snømåking og hagestell, og Sandal er det første prosjektet i Luster kommune som er planlagt og tilrettelagt med praktiske, lettstelte og universelt utforma leiligheiter med heis frå underjordisk p-kjellar til entrédør.

Det er planlagt åtte leiligheiter med fin og solrik utsikt. Utvikling med lettstelte og praktiske leiligheiter sprer seg i dag også til område med spreidd busetnad, så også på Hafslo.

Utbyggingsområdet i planen består berre av *eitt* område, B1.



Fig. 5 Illustrasjon av bygningen sett frå nordvest

Leiligheitene :

B1 er avsett til eit leiligheitsbygg i to etasjar med plass til 8 leiligheiter; 4 stk 2-roms og 4 stk 3-roms. Alle leiligheitene er universelt utforma, dei er vestvende og ligg solrikt til og får fin utsikt over Hafslovatnet og Hafslo sentrum.




Fig. 6 Illustrasjon av bygningane i terrenget (lengdeprofil)

Det er planlagt underjordisk parkeringskjellar med innkøring frå veg V2/ V1. På denne måten vert det god plass til biloppstilling framfor garasjeporten utan at ein kjem i konflikt med V1 slik som var tilfelle sist (24.05.2016). Alle leilegheitene har sportsbod (5 m²) i kjellaren. I tillegg er det 5 stk felles gjesteparkering plassert lett tilgjengeleg ved hovudinngangen.

Nabo g/bnr 155/80 :

Leilegheitsbygget er no trekt tilbake og ligg i flukt med huset som ligg på g/bnr 155/80. I tillegg er høgda redusert med ein etasje og bygget får flatt tak. I sum gir dette vesentleg forbetra forhold for naboeigedomen mtp solforhold, utsikt og elles generell sjenanse.




Fig. 7 Leilegheitsbygget sett frå g/bnr 155/80, framside

Alternativ utnytting med store einebustadar og/eller rekkehus med skråtak ville lett kunne gjeve større ulemper for naboeigedomen enn dette justerte framlegget.




Fig. 8 Leilegheitsbygget sett frå g/bnr 155/80, bakside

Vi trur det er viktig for bygningsmiljøet i området, og spesielt naboeigedomen, at høgdene vert redusert så mykje som råd. Eit moderne leilegheitsbygg med flatt tak kan likevel bli attraktivt og gli fint inn i busetraden i området. Sprang i fasaden med samansett fargebruk og detaljrike balkongar mjukar opp bygningsvolumet og fasadeuttrykket.

Garasjekjellaren er planlagt med tilbakefylt terreng slik at maksimal synleg grunnmur blir 70 cm. Fasadane er tenkt kledd med vedlikehaldsvennlege materialar i harmoniske jordfargar.



Fig. 9 Illustrasjon av inngangstunet

Soldiagram :

Det er utarbeidd soldiagram for leilegheitsbygget i høve nabo mot nord g/bnr 155/80.

Blå strek/ skravur viser skyggeområdet kl 13 den 21. juni, og brun strek/ skravur viser tilsvarande kl 18 samme dag.



Fig. 10 Soldiagram 21. Juni kl 13 og kl 18

Neste figur viser tilsvarende vår- og haustjamdøger :
Blå strek/ skravor viser skyggeområdet kl 13, og brun strek/ skravor
viser tilsvarende kl 18 samme dag.

For begge diagramma gjeld at det ikkje er teke omsyn til om lokale
fjellformasjonar påverkar resultatet (dataprogrammet er ikkje
programmert til dette). Usikre solforhold med fjell som skuggar er
spesielt knytte til 21. mars/ 21. september kl 18.




Fig. 11 Soldiagram 21. mars og 21. september kl 13 og kl 18

Eksisterande einebustad og uthus/ fjøs blir rivne.

Leikeplass :

Det er avsett areal til nærleikeplassar for små barn i området. L1 er 207 m² stort og ligg aust på området. Samla leikeareal per leilegheit er 25,9 m².




Fig. 12 Illustrasjon ny situasjon (situasjonsplan)

B1 er eit prosjekt med relativt små leilegheiter med få soverom, i hovudsak utforma og tilpassa seniorar. 50% av leilegheitene har m.a. berre eitt soverom. L1 er stort nok til å tilfredsstille kravet som blir stilt til nærleikeplassar (25 m²/ leil.).

Forma på leikeareala innbyr til ulike type aktivitetar frå diverse type leikeapparat til frileik, aking o.l.

For litt større barn er det kort veg (ca 700 m) til store, gode leikeplassar ved skuleanlegget ved Hafslø barne- og ungdomsskule der det er diverse ballplassar som grasbaner og gummibaner. I tillegg kan Hafslø barnehage nyttast (ca 700 m) og Gamlestova barnehage (ca 500 m) på ettermiddag/ kveldstid.

Parkering :

I fylgje føresegnene til arealdelen i kommuneplan skal reguleringsplanar for bustadområde innehalde krav til tal biloppstillingsplassar pr. bueining, men det er ikkje oppgjeve kva krav ein skal nytte. I uregulerte område derimot er det krav om 2 biloppstillingsplassar pr. bueining. Bilar må kunne snu på eigen grunn.

I planen har vi lagt opp til *ein* p-plass per leiligheit i underjordisk garasjenlegg i tillegg til 5 gjeste p-plassar. Dette grunnjev vi med at det er relativt små leiligheiter primært tiltenkt seniorar som ofte berre har ein bil. For området sett under eitt har vi totalt 8 bueiningar og 13 p-plassar, dvs ein p-dekning på 1,63 bil/ bueining, noko vi meiner vil kunne vere tilstrekkeleg.


Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur :

Fig. 13 Illustrasjon av oppgradert V1 med profiler

Offentleg veg V1 :

V1 er regulert til offentlig veg og planlagt med ein vegstandard slik at kommunen kan overta vegen for vidare drift. Vegbreidda er 4,0 m og med 1,0 m grøft/ støttemur på kvar side, dvs ei regulert vegbreidde på 6 meter. Nabo i sør påpeikar at eigedomsgrensene på kartgrunnlaget kan vere usikre og at dei difor bør oppmålast/ kontrollerast av kommunen.

Krekavegen har fartsgrense på 50 km/ t og gjeldande krav til siktlinjer er innteikna på plankartet. Som eit alternativt meiner vi kommunen bør vurdere å innføre vikeplikt på V1. Dette vil redusere siktlinene i krysset (rekna 6 m frå vegkant i tilsluttande veg istadenfor 20 m).

Privat veg V2 :

V2 er regulert til privat fellesveg for område B1 og g/bnr 155/108. Siktlinene er rekna 3,0 m frå kant veg, 20 m i kvar retning (30 km/t).

Avkøyrsla frå parkeringskjellaren kjem ut i V2/ V1, og ikkje direkte i V2 som sist (14.05.2016). Det er god plass til biloppstilling framfor garasjeporten.

Overvatn, vatn og avlaup :

Overvatnet er planlagt tilkoppa Krekavegen (OV160) og førebels planlagt med eit fordrøyningsanlegg på eigen tomt for å få forseinking i overvasstiltørselen mot Krekavegen.

Vatn og avlaup blir påkoppa offentleg nett, anten i stikkveg eller direkte i kum i Krekavegen.

Renovasjon :

Renovasjonsløyising er planlagt i fellesanlegg R1 plassert i enden av veg V2 (4 stk 660 l og 3 stk 140 l).

Omsynssoner :**Frisiktsone (140) :**

Det må etablerast frisiktsone ved avkøyrslar.

Krekavegen har fartsgrense 50 km/t. Dette gir stoppsikt på 54 m rekna 6 m frå vegkant (L2 i vegnormalen) og siktliner som vist på plankartet. (Frisiktsone ligg utanfor planområdet).

Tabell :

Sosikode	Formål	Areal
1113	B1	1.906 m ²
2011	V1	234 m ²
2010	V2	190 m ²
2018	Annan veggrunn	122 m ²
2080	P1	140 m ²
1550	Renovasjon R1	45 m ²
1610	Leikeplass L1	207 m ²
Sum		2.737 m²